



Barnehagen på Dønhaug er lys og triveleg, med ein flott utsikt utover bygda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den private Dønhaug Gardsbarnehage har kome godt i gang, men det er tre ledige plassar opplyser styrar Helene Huse Bjørnebøle til uskedalen.no.

Ho ber interesserte om å søkja inne på barnehageportalen på kommunen si heimeside.

Det er ein ledig plass for fem dagar, ein for tre dagar (tysdag, torsdag og fredag) og ein for to dagar (tysdag og fredag).

Når den nye barnehagen er fylt, vil det vera 16 barn der kvar dag.

Måndag ettermiddag skjer den offisielle opninga av barnehagen og mellom andre er kommuneadministrasjonen invitert.